



FJELLVARDEN UNGDOMSHUS,
FJELLI UNGDOMSLAG, STRYN KOMMUNE

BAKGRUNN

Der er kulturaktiviteten i kvardagen, der enkeltindividet sjølv er aktørar i eige lokalsamfunn, som skaper nærleik til andre og som er viktig for utvikling av lokal tilhørsle og identitet. Å ha ein stad å utøve aktivitetar er ein viktig faktor for utviklinga av lokalt kulturliv. Gode fysiske møteplassar medverkar difor til gode fritidstilbod, samhald og til heimstadidentitet.

Huset i Bygda (HiB) arbeidar for å løfte fram og synleggjere alle desse kulturbygga som viktige kulturarenaer, og utvikle møtestader og verkøy som kan gjere dei lokale laga til meir kompetente huseigarar. På den måten vil vi skal skape synlegare og sterkare organisasjonseigde kulturbygg.

Sogn og Fjordane ungdomslag (SOFUL) etablerte HiB som prosjekt i 2010. I perioden 2016 - 2019 hadde HiB utviklingsavtale med Sogn og Fjordane fylkeskommune. Etter samanslåinga av Sogn og Fjordane og Hordaland har SOFUL og fylkeskommunen vidareført eit godt og konstruktivt samarbeid. Frå 2021 har SOFUL OG HiB fått midlar frå driftsbudsjettet til Vestland fylkeskommune. Dette gjer planlegging og handlingsrommet til både SOFUL og HiB meir føreseieleg. Vi viser elles til tidlegare årsmeldingar for utvikling av HiB.

I 2019 overtok HiB ansvaret for å administrere gåveordninga som går til bygningsmessige tiltak frå Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane. I 2022 var tilskotet på 2 000 000,-. Midlane er fordelt på to ordningar. Tilskot til større bygningsmessige tiltak, med søknadsfrist 15. april og mindre bygningsmessige tiltak. For sistnemnde ordning har tilskotet vore avgrensa til 10 000,-. Her har det ikkje vore søknadsfrist, men har vore utdelt så lenge det har vore midlar på konto.

Vi er særst glad for at Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane vidarefører samarbeidet om gåvemidlar til organisasjonseigde kulturhus. Den økonomiske støtta frå Sparebankstiftinga er viktig både for HiB og dei organisasjonseigde kulturhusa i Sogn og Fjordane. Engasjementet til Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane er òg eit viktig signal til andre offentlege institusjonar.

Vi har òg eit godt samarbeid med Noregs Ungdomslag, som mellom anna frontar HiB i nasjonale forum. Her har HiB i Sogn og Fjordane medverka med innspel til nasjonale kompensasjonsordningar og digitale rettleiingsmøter grunna COVID - 19.



Huset i Bygda i Vestland har utvikla eiga nettbasert teneste, der huseigarar i Sogn og Fjordane kan registrere informasjon om huset og søke om økonomisk tilskot. I 2022 prioriterte vi å utvikle sida. Mellom anna har vi laga statistikkportal med tal og statistikk om søknadar, fordeling av tilskot og oversikt over kostnad og finansiering på nettet. Sida inneheld søknadstal frå oppstarten i 2016 er tilgjengeleg for alle og vert oppdatert jamleg.

I tillegg har vi utvikla eiga husdatabase der vi legg ut informasjon over organisasjonseigde hus i Norge. Husdatabasen er viktig informasjonskjelde for potensielle leigetakarar og for lag og organisasjonar som ønskjer å starte ny aktivitet. Den er òg viktig for at vi skal kunne halde kontakt med huseigarar og spreie relevant informasjon til eigarar og brukarar av husa i Norge. Pr. 1.1.2023. har vi registrert 513 hus i Hordaland og 367 hus i Sogn og Fjordane.

Søknadssida ligg her:

<https://storymaps.arcgis.com/stories/1822ec5c269d49b88254f3e42ac0aae2>

Statistikkportalen ligg her:

<https://noregsungdomslag.maps.arcgis.com/apps/dashboards/4c8bef17c0554cc882dfd7475185918c>

Husdatabasen finn de her:

<https://storymaps.arcgis.com/stories/e51e1e25cb894d37a2200ada1bcfd3fe>

Om søknadsordninga

Gåveordninga er avgrensa til lokale kulturhus i Sogn og Fjordane og skal gå til til bygningsmessige tiltak. Dvs. alle fysiske formar for tiltak på organisasjonseigde hus, som renovering av tak, veggjar, vindauge, kjøkken, toalett, universell utforming osv.

For andre typar søknadar (aktivitets- og prosjektstøtte), må de søke Sparebankstiftinga. Informasjon og søknadsskjema finn de her: www.sparebankstiftinga.no/sok-om-midlar. Frist er normalt 1. mars og 1. september.

Det er to krav for å kunne søke

1. Huset ikkje er eigd av offentlege institusjonar
2. Huset er ope for allmenn aktivitet. Dvs. at privatpersonar og andre lag og organisasjonar har moglegheit til å nytte seg av huset.

Slik søkar du


Følg [lenka](#) eller trykk på den grøne prikken der huset ditt ligg. I vindauget som sprett opp trykker deg direkte inn i søknadsskjemaet (trykk på "Vis" ved "Lenke til søknadsskjema"). I vindauget som sprett opp trykker deg direkte inn i søknadsskjemaet (trykk på "Vis" ved "Lenke til søknadsskjema").


Vi ber òg om at de nyttar høve til å oppdatere informasjon om ditt hus når de søker om tilskot. Lenke til husskjema finn de òg oversynet over huset ditt ("lenke til utfylling eller endring av informasjon i husdatabasen").

Om du ikkje finn huset ditt, ta kontakt med Christoffer Knagenhjelm, e-post: christoffer@ungdomslag.no eller mob. 48 00 48 17.


Samfinansiering med desentralisert ordning til kulturbygg

- Deler av gåvetilskota frå Sparebankstiftinga Sogn





Oversikt over alle søknadar fordelt på kommune 2016 - 2022 (N = 377)



Em: UYGG | Bas: HERE, Garmin, FAO, NOAA, USGS

Powered by Esri

LAG OG ORGANISASJONAR SOM FEKK STØTTE TIL STØRRE BYGNINGSMESSIGE TILTAK I 2022

PRIORITERTE OMRÅDE:

- Følgje opp gamle søknadar
- Geografisk spreing
- Universell utforming
- Tiltak som reduserer kostnadane i laget
- Tiltak som gjer husa meir attraktive (auka bruk)

Hus	Tilskotssum	Prosjekt	Kommune
Allaktivitetshuset	30000	Ny inngangsdør til Allaktivitetshuset	Askvoll
Eimhjellen Grendahus	80000	Skifting av vindu	Gloppen
Feios Bedehusforening	30000	Vedlikehald av Feios Bedehus	Vik
Fjelli Ungdomslag	200000	Utsifting av 6 sørvende vindauge i hovudetasjen til Ungdomshuset Fjellvarden.	Stryn
Fjærland Bygdahus	180000	Takopplett inngang	Sogndal
Førde ungdomslag	22850	Måle vindua i salen, toalett og gang innvendig, og måle scenefront og scenesider.	Sunnfjord
Gjeshalla	150000	Rehabilitering Gjeshalla	Sunnfjord
Haugtun Forsamlingshus	110000	Skifte av vindauge	Sunnfjord
Kjøde grendelag	200000	Oppgradering av Kjøde grendehus	Stad
Nasdalen	30000	El-anlegg	
Skifjord Bedehus	60000	Grunnmur	Hyllestad
Stadlandet Grendahus	150000	Renovering kjøkken Stadlandet Grendahus	Stad
Sudstranda Grendalag	100000	Skifte 2 stk. ytterdører	Stad
Svelgen Samfunnshus	300000	Rehabilitering skifertaket	Bremanger
Vetlefjorden idrettslag	60000	Nytt kjøkken Grendahuset i Vetlefjorden	Sogndal
Instedalen Krins	25500	Å få til ei god, funksjonell, og brukarvennleg romløysing i bygget	Sunnfjord
Gravdal skule	30000	Septiktank (pålegg frå Kinn kommune)	Kinn
Totalt	1758350		10 kommunar

LAG OG ORGANISASJONAR SOM FEKK STØTTE TIL MINDRE BYGNINGSMESSIGE TILTAK I 2022

Hus	Tilskotssum	Prosjekt	Kommune
Balestrand Bygdahus	10 000	Vøling av toalettfasilitetane	Sogndal
Berle Grendalag	12 000	Vindfang Berle grendahus	Bremanger
Breimshallen	10 000	Varmepumper	Gloppen
Flåm Samfunnshus	10 000	Fjerning av oljefyr	Aurland
Frilund Ungdomshus	10 000	Gang/billettluke (oppussing)	Lærdal
Førde Ungdomslag	10 000	Lakke golvet i salen	Sunnfjord
Gildevangs vennar	10 500	Oppussing Gildevang	Stryn
Gjeshalla	10 000	Måling utvendig	Sunnfjord
Hestagrend grendahus	10 000	Vedlikehald og oppussing	Sunnfjord
Hoddevik Velforening	10 000	Oppussing av kjellerlokaler ,kjøkken /møterom	Stad
Lagshuset Fram	10 000	Måling utvendig	Stad
Lærdal Røde Kors	10 000	Måling og enkelt vedlikehald utvendig på RK-huset	Lærdal
Sanddal Grendalag	9 500	Byte defekt vedomn, som er ei av hovudvarmekjeldane i huset bortsett frå nokre el-omnar.	Sunnfjord
Ungdomshuset Solvang, Farnes Ungdomslag	10 000	Varmepumper	Årdal
Totalt	142 000		14 kommunar

SØKNADAR 2022

69

Samla søknadssum fordelt på kommune

8

Samla kostnad fordelt på kommune


Spelemiddelsøknadar fordelt på kommune

Kostnad

Eigeninnsats	4 585 041
Kjøp av tenester	19 585 041
Andre kostnader (materialutgifter osv.)	8 996 370
Totalkostnad, alle prosjekt	34 038 562
Gjennomsnittleg kostnad	493 312

Finansiering

Dugnadsinnsats	4 239 639
Eigne midlar	5 382 030
Anna finansiering (spelemidlar, sponsor, gåver)	13 353 779
Total søknadssum HiB, alle prosjekt	9 571 556
Gjennomsnittleg søknadssum	138 718



sparebankstiftinga
sogn og fjordane

Oversikt søknadar 2016 – 2022. Større bygningsmessige tiltak

År	Tal Søkarar	Innvilga	Prosent innvilga	Total søknadssum	Prosent tilskot
2016	24	7	29%	-	-
2017	20	6	30 %	2 413 457,-	21 %
2018	73	10	14 %	7 865 518,-	6,4 %
2019	42	10	24 %	3 580 146,-	14 %
2020	52	9	17 %	6 243 623,-	14 %
2021	59	11	19 %	6 317 943,-	10 %
2022	70	17	24 %	9 581 556	18,4 %
Total søknadar 2016 - 2022: 340					
Innvilga søknadar 2016 - 2022: 70 (20,6 %)					



DØME PÅ INNVILGA SØKNADAR 2022:

Utskifting av vindauge på Eimhjellen
grendahus, Gloppen kommune

Eimhjellen grendalag i Gloppen har i lang
tid sett behov for å skifte fire store
vindauge på vegg mot sørvest.

Det renn vatn ned på tømmerveggen inne i
skulestova. Tiltaket vil òg redusere
varmetap i huset.



DØME PÅ INNVILGA SØKNADAR 2022:

Ny sensorstyrt inngangsdør til Allaktivitetshuset i Askvoll for å gjere huset universelt utforma og minske varmetapet i huset

Dagens inngangsparti er frå 1978 og utsliten. Døra har ein lås som er svært vanskeleg å bruke, hengsler som stadig må ordnast og 3 cm opning under eine dørbladet og er gir stort varmetap. Allaktivitetshuset vil erstatte med dører som har sensorstyrt opning og lukking, viktig med tanke på universell utforming.

Allaktivitetshuset har omlag 100 arrangement årleg. Halvparten av desse med hovudfokus på eldre, der dei skal få eit sosialt tilbod. Nytt inngangsparti vil senke terskelen og auke trivselen ved bruk av huset.



Dale Ungdomslag er eit godt døme på korleis Huset i Bygda har tilført huseigar kompetanse i drift og utvikling av ungdomslaget.

Dale ungdomslag vart skipa i 1898 og feirar 125 årsjubileum i 2023. Ungdomshuset Trudvang vart bygd i 1932 og er teikna av den landskjende arkitekten Johan Lindstrøm. Her har de fått tilskot og søknadshjelp frå Huset i Bygda og er i ferd med å fullføre omfattande restaurering av huset. Parallelt med dette har dei auka aktivitetane i laget monaleg.



DØME PÅ INNVILGA SØKNADAR 2022:

Utskifting av 6 sørvende vindauge i hovudetasjen til Ungdomshuset Fjellvarden. Huset har store vernekvalitetar og det er viktig at tiltak bevarer dei bygningsmessige kvalitetane.

Eksisterande vindauge er delvis punkterte og doggar mellom glaslaga. Dei har også begynnande soppangrep/roteskadar. Styret har vurdert vøling av eksisterande vindauge opp mot utskifting og kome fram til at beste løysinga er å skifte ut vindauga under føresetnad av at vi klarar å skaffe vindauge i same stil.

Laget har innleia dialog med Nordvestvindauget og henta inn tilbod på vindauge i same stil som dei som er der og såleis dokumentert at dette let seg gjere.





DØME PÅ INNVILGA SØKNADAR 2022:

Renovering av kjøkken fra 1986 i Vetlefjorden grendahus, Sogndal kommune.

Prosjektet godt forankra med arbeidsgruppe bestående av dei fleste lag og organisasjonar i Fjordane (Sværefjorden og Vetlefjorden bygdekvinnelag, Fjordljøs 4H, Fjordane grendalag, Fjordane skyttarlag og Fjordane idrettslag).

Arbeidsgruppa har lagt ned eit stort arbeid med å planlegge kjøkkenet, og på årsmøtet til Vetlefjorden idrettslag ble kjøkkenoppgraderingen vedtatt.